



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 13.05.2015
Vår ref.: 2015/4950-2
Sakshandsamar: Endre Korsøen
Telefon: 917 64 632


Sjøtroll Havbruk AS org.nr. 929363833- Søknad om utviding av areal og biomasse i stamfiskanlegg for regnbogeaure, samt Ocean Forest AS org. nr. 912871053 - Søknad om løyve til dyrking av blåskjel på lokalitet 13566 Storskrebukti i Lindås kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av komplett søknad motteke 11.05.2015 frå Sjøtroll Havbruk AS om utviding av areal og biomasse i stamfiskanlegg for oppdrett av regnbogeaure, samt søknad frå Ocean Forest AS om løyve til dyrking av blåskjel på lokalitet 13566 Storskrebukti i Lindås kommune.

Lokalitet 13566 Storskrebukti er godkjent for oppdrett av stamfisk av regnbogeaure med ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 780 tonn. Løyve er gjeve til eit stålanlegg som er 80 meter langt og 30 meter bredd med plass til 3 merdar, samt ein føringsslåte. Noverande merdanlegg er klarert for omlag 2,5 dekar overflate areal.

Sjøtroll Havbruk AS har godkjent to stamfisklokalitetar i Hindenesfjorden, 13566 Storskrebukti og 13565 Øverås, begge med ein MTB på 780 tonn. Verksemda søker no om å samle aktiviteten i fjorden på lokalitet 13566 Storskrebukti. Denne vert søkt klarert for ein MTB på 1560 tonn, samstundes som at lokalitet 13565 Øverås vert nedlagt.

Vidare vert det søkt om auka areal for utlegging av eit stålanlegg som er 140 meter langt og 60 meter breddt. Samla overflate areal for merdanlegget vil vera 8 dekar. Anlegget vil bestå av 10 merdar, og ein føringsslåte. Større anlegget medfører og at det vert endringar i fortøyingsarrangementet. Kartet under syner arealbruken til noverande anlegg i overflata med grøn skravur, i lag med omsøkt merdanlegg med fortøyinger.



Sjøtroll Havbruk AS har drevet stamfiskanlegg for laks i Hindenesfjorden i omlag 20 år. Frå 2015 er stamfiskproduksjonen av laks erstatta med stamfiskproduksjon av regnbogeaure.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Sjøtroll Havbruk AS mellom anna at dei ønskjer å drive stamfiskproduksjon på ein lokalitet i Hindenesfjorden i staden for to for å oppnå brakklegging mellom generasjonane. Den andre stamfisklokaliteten vil vera ved Tveitnesvik i Maurangerfjorden i Kvinnherad kommune. Ved å drive på desse to lokalitetane som er isolert frå kvarandre vert risikoen spreidd.

Lindås kommune har i vedtak av 16.02.2015 gjeve dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen til utlegging av omsøkt anlegg. For ytterlegare detaljar og informasjon viser vi til søknaden.

Denne søknaden om endringar på lokalitet Storskrebukti omfattar også søknad frå Ocean Forest AS om dyrking av blåskjel innafor same areal som er omsøkt for produksjon av stamfisk av regnbogeaure.

Ocean Forest AS har sagt følgjande om selskapet og planlagde aktivitetar:

«*Ocean Forest AS (OF) er et selskap eid 50:50 av Lerøy Seafood Group AS og Miljøstiftelsen Bellona. OF sin visjon er å bruke det vi har for mye av til å produsere det vi trenger mer av: Forskning har vist at næringssalt-overskuddet fra havbruksanlegg kan stimulere tilvekst av alger, blåskjell og andre arter på lavere trofisk nivå. På så måte renses havet samtidig som ressurser som ellers hadde gått til spille brukes til produksjon av mat og bærekraftige føringredienser. Samtidig vil algene absorbere CO₂ fra atmosfæren. Ved å dyrke naturlig forekommende makroalger og blåskjell i nærheten av et anlegg med fisk, vil en derfor kunne bidra positivt både til et mer bærekraftig havbruk samt et renere hav- og luftmiljø generelt. OF ønsker derfor å bygge på IMTA aktiviteter (Integrt Multi-Trofisk Akvakultur) som går på produksjon av flere arter fra ulike trofiske nivåer. Ocean Forest vil ha flere FoU som vil undersøke ulike IMTA arter sin evne til å ta opp og omsette næringssalter og organisk materiale fra den/de aktuelle lokalitetene og områdene rundt. OF vil også undersøke ulike strategier for produksjon, høsting og videreforedling av artene.»*

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Fylkeskommunen si vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. Vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgjera nærmare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Lindås kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med sokjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til sokjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi: Sjøtroll Havbruk AS
Ocean Forest AS